


Ruten, Roberget og dei andre fjella i Hemne.

Som med så mangt ligg røtene djupt nede. Vi lyt difor sjå langt attende i jorda sin historie. Jordskorpa var delt opp i plater som dreiv sakte oppe på det mjuke varme underlaget vi kallar for mantelen. Ei av desse platene kallar vi Baltica, Ei anna Laurentia og ei tredje for Avalonia. Desse tre platene kolliderer for om lag 455 millionar år sidan. Baltica gleid først under dei to andre platene, men etterkvart vart det pressa opp ei stor, høg fjellkjede der Laurentia, Avalonia og Baltica møttes. Geologane meiner at denne fjellkjeda som vi kallar den Kaledonske fjellkjeda var like høg som Himalaya. Legg merke til at desse landplatene på den tida låg ved ekvator.



Utopå var fjellet bokstaveleg tala steinhardt, men ikkje langt nede var det varmt og mjukt som karamell. Der vart det knadd og folda i samanstøyten. I fjellskjæringar attmed vegen kan vi enno sjå at steinlaga er folda og bretta og ofte står på høgkant.

Da fjellkjeda var på sitt største var ho 6000 km lang, over 100 km brei. Men som kjent bles det på toppane, og berre 50 millionar år seinare var det meste tæra ned. Jordkreftene slutta ikkje å verke etter kollisjonen, men tok til å føre landplatene frå kvarandre att. Slik vart det nordlege Atlanterhavet til.


Da fjellkjeda var på sitt største var ho 6000 km lang, over 100 km brei. Men som kjent bles det på toppane, og berre 50 millionar år seinare var det meste tæra ned. Jordkreftene slutta ikkje å verke etter kollisjonen, men tok til å føre landplatene frå kvarandre att. Slik vart det nordlege Atlanterhavet til.



Framleis i dag sig den amerikanske og den europeiske plata frå kvarandre med nokre centimeter i året. Vi finn dei nedslitne restane etter dei kaledoniske fjella på vestkysten av Noreg, Skotland og Irland. På den andre sida av sprekkka finn vi fjellrestane på austsida av Grønland og Newfoundland i Nord-Amerika.

No tek vi oss ein flygetur over Hemne. Frå drygt tre mils høgd ser vi ned på landskapet. Vi ser klårt at dalane stort sett går i retning ØNØ –VSV. Det kallast for strokretninga. Sjå berre på Årvågsfjorden som held fram over Brekka, vidare nord for Heimsfjellet og heilt inn i Åstfjorden. Sjå på retninga på Trondheimsleia. Sjå og på Arasvikfjorden, Todalen, over Bjørksætra, ned til Grøtvågen og ei grein av Hemnefjorden.

Det er restane etter fjellfoldingane djupt under den Kaledonske fjellkjeda for meir enn 400 millionar år sidan.




Så finn vi mange sprekkar som går vinkelrett på dei nemnde dalane. Sjå berre på ytre Hemnfjorden, Aursundet, Dromnessundet, Reinsjøen og Mistfjorden.

Legg godt merke til Rovatnet (i raud ring) som fyller litt av ei strokfolding og ei mindre sprekk. Roberget ligg som ein nov-stein (hjørnestein) mellom strokdalen og sprekkja.

Midt oppe i det fine greie mønstret av foldingar og sprekkar kjem Vinjefjorden og Søvassdalen og øydelegg systemet. Det er ei nyare sprekk som går rett aust-vest og ikkje i strokretninga. Det merkelege er at elva som renn nedover Søvassdalen, Søa, ikkje renn ut på Vinjeøra slik ho eigentleg skal, men bryt ut av dalføret og renn nordover og ut i Hemnefjorden.

Skal vi få ei forklaring på det og samstundes få greie på korleis terrenget vart forma i bygda vår må vi sjå på ei dramatisk hending for berre nokre få tusenår sidan. Den siste istida starta for om lag 120.000 år sidan. For 20.000 år sidan var iskappa som dekte nordkalotten på sitt tjukkaste. Aller tjukkast var isen ved Umeå ved Austersjøen noko nord for oss. Isen var så tung at landet kring Umeå var pressa 800 meter ned. Det låg så mykje vatn som is på land i nord og sør at havflata vart mykje lågare. Til dømes var det turt land frå Danmark til Sør-England på den tida. Isen over Bottenvika i Austersjøen var om lag 3 kilometer tjukk. Sjølv her i Hemne gjekk isen over Ruten. Isen nådde langt utafor kysten. Hugs det trengs eit vattendjup på 900 meter for at ein kilometer tjukk is skal flyte opp. Is er rar. I små bitar verkar han hard, og du kan slå han i bitar om du vil. Men, når isen vert tjukk og trykket høgt vert han som svært seig sirup. Isen vert plastisk. Difor seig isen utover frå der han var tjukkast og om lag som du tømmer sirup på eit papir. På sin

veg mot kysten og slipa han ned fjell og stein til leir, silt og grus og tok med seg ufattelege mengder med masse utover i havet – heilt ut til Storegga der kontinentalsokkelen fell ned mod dei store havdjupa.




Til venstre syner dei grønne pilane korleis isen seig nord-vestover mot havet. Da var han sy stor og tjukk at han ikkje ansa dalane men berre sklei tvers over. Etterkvart som isen minka skifta han retning, for det låg framleis mykje is i Trollheimen. Vi ser dei stipla, svarte pilane som peikar rett nordover.

På vegen nordover grov isen djupt og hardt i nord-sør sprekkene. Det var nok denne isen frå sør som braut ut frå Søvassdalen og nordover gjennom Eidsgrenda mot Rovatnet. Til sist vart isen så tynn, berre nokre hundre meter tjukk at han fylgde dalar og fjordar i terrenget. Frå Åstfjorden, Snillfjorden og

Søvassdalen kom han sigande vestover før han svinga nordover mot havet. Kvifor fortsette ikkje Isen frå Søvassdalen mot Vinjeøra? Jau, for der møtte han isen som kom ned Kårøydalen og ein fjellradd ved Leitet austafor Vinjeøra som ikkje var slipa heilt ned. Dessutan var det alt teke på åpning. Difor grov isen vidare på opninga nordover og laga Stavåsholet og grov ut elvefaret nordover forbi Eidet mot Hemnfjorden. Her skuva isen framom seg store mengder med stein og

grus men etter å ha slipa Robergnasen mista han etterkvart makta si og massane vart liggande som ei side eller endemorene og stenge fjorden. Dessutan hadde isen tidlegare førd ned store mengder masse ned frå områda kring Vindalsvatnet og Ånavatnet.



I denne tida rann det store, strie elvar med smeltevatt som førde med seg ufattelege mengder med sand, stein og grus som vart atlagt der elvane møtte stillare vatn eller hav. Hugs at på grunn av istyngda var landet pressa ned slik at havet stod om lag hundre meter høgre enn i dag. Alle sandmelane og sandtaka du finn i Hemne i dag er knusa fjell som breelvane har teke med seg og lagt att.


Illustrasjonen til venstre syner med ei prikka line kor isen gjekk for 10000 år sidan. Da var Hemne alt isfri, og Robergnasen med Kovahola hadde fått forma si. Kovahola er eigentleg eit dobbeltnamn. På engelsk Cavehole eller på norsk – hulehola.

Som eg nemnde stod havet høgre da isen smelta. Heilt rett vert det ikkje, men eg har fylt opp eit kart til 120m-kota. Det vil seie at Stormyra ved Vinjekrysset og kyrkja på Skeiet låg på 70 m. Djup i den tida.



Da isen mista krafta si vart det liggande store ryggar med masse framfor og på sidene av isen. Så vart det kaldare periodar der isen vaks att før han på nytt trakk seg attende. Åsryggen mellom Heimsvatnet og Heimssjøen er ei slik sidemorene pressa opp av storisen på veg ut Hemnfjorden. Endemorena ligg som ei grunne yttarst i fjorden. På Lian, Ness og Røstvolden finn vi fleire slike endemorenar. Nesvatnet til dømes ligg attom ei slik morene. Åsryggen mellom Svanem og Hellandsjøen er og ei morene som er lagt opp av isen på ved nordover. Da isen var borte frå Hemne var det ein gold plass her. Det fanns ikkje så mykje jord at du kunne fylle ei blomsterpotte. Det var berre leir, silt, sand og stein og blankskura fjell og godt om vatn. Heldigvis tok det ikkje lang tid før dei

fyste frøa kom med vind, vatn og fuglar. Likevel er det eit tankekors at all jord, myr og skog du finn i Hemne er mindre enn 10000 år gamal.




Til venstre ser du eit kart som syner litt av lausmassane utover Skogen. Som mørk grøn ser vi randmorenane innteikna. Vi ser og breelvavsetningane med grus kring Svanem og Aae-gruva

Under siste istida som vara kring 100 000 år førde isen utrulege mengder med masse frå land og ut i havet. Alle desse massane vart liggande ute på kanten mot djuphavet. Den kanten kallar vi Storegga i dag. For omlag 8100 år sidan

gjekk eit av verdas største undersjøiske leirras ved Storegga, 100 km nordvest av Mørekyten. Eit område like stort som Island ut rasa i Norskehavet.

Raset, som gikk på 300-2500 meters djup, laga ei 10-20 meter høg flodbølge som nådde Norskekysten. Bakkanten av raset er rundt 300 kilometer langt, og skredmassene rasa omlag 800 kilometer ut i djuphavet. Alt på den tida var det menneske som budde her ute på kysten. Da raset gjekk såg dei fyrst at sjøen trekte seg unna. I på ein halvtime sokk havet med 10 til 20 meter. Så snudde vatnet, og etter ein ny halvtime var vatnet attende til



vanleg høgde. Men det stoppa ikkje der, men fortsette å stige til det var 10-20 meter høgare enn vanleg. Inne i fjordane vart vatnet pressa opp til om lag 50 meter over normal vatnhøgde. Storegga-raset er eit av dei største skreda vi kjenner til. Tsunamien etter raset øydela og drap mykje av busettinga ute på kysten. Den massen som rasa ut kunne ha dekt heile landet med eit 10 meter tjukt leirlag!

Etter den tida har det ikkje vore den store dramatikken i naturen i Hemne. Ein og annan storflaumen har fått Søa til å grava seg lengre og lengre ned i morena som skil Rovatnet frå fjorden. Kvar gong har Rovatnet vorte litt mindre og frigjeve litt meir turt land – til dømes gardane på Eide.

Hugs og på at for om lag 4-5000 år sidan stod havet så høgt at det var jamhøgt med Rovatnet, og det difor truleg var ein sterk tidevasstraum ut og inn av vatnet.

No har vi pirka litt borti geologien, og det er enno mykje å sjå for den som har augo med seg.

Beste helsing

Rune H. Stavaas